

Oslo, 28. juni 2017

Til Naturvernforbundets **lokal- og fylkeslag, utvalg, landsstyre og sentralstyre**

NYTT PRINSIPPROGRAM FOR NATURVERNFORBUNDET – HØRING

Vedlagt finner dere utkast til nytt prinsippprogram for Naturvernforbundet, og vi ber dere herved komme med innspill til dette.

Hva er prinsippprogrammet?

Prinsippprogrammet gir en oversikt over Naturvernforbundets grunnsyn, hvordan organisasjonen arbeider, og hva som er våre langsiktige politiske krav. Det kan kun endres av landsmøtet, og på landsmøtet i 2018 er det planlagt en behandling av programmet i sin helhet. I den forbindelse har landsstyret satt ned en komité som har utarbeidet et utkast til nytt program, og det er dette vi nå ber om deres innspill til.

Naturvernforbundets gjeldende prinsippprogram kan dere lese her:

<https://naturvernforbundet.no/getfile.php/1356480/Dokumenter/Naturvernforbundets%20prinsippprogram%20vedteke%20p%C3%A5%20LM%202013.pdf>

Prinsippprogrammet skiller seg fra arbeidsprogrammet ved at det inneholder prinsippene som ligger til grunn for våre politiske krav, men ikke prioritering av arbeidsressurser fra år til år. Naturvernforbundet vedtar også ulike politiske uttalelser som utdyper og konkretiserer innholdet i prinsippprogrammet.

Komiteen har bestått av personer fra ulike deler av organisasjonen, Liv Grøtvedt (lokallaget i Fet), Mads Løkeland (fylkesstyret i Sør-Trøndelag og medlem i gruveutvalget), Tormod Svartdal (landsstyrerepresentant fra Telemark), Synnøve Kvamme (fylkesstyret i Hordaland og sentralstyremedlem), Bård Lahn (internasjonalt utvalg), Halvard Raavand (Natur og Ungdom) og Ingeborg Gjærum (sentralstyremedlem).

Hva skjer med innspillene?

I første omgang vil komiteen gå gjennom alle innspill til endringer i utkastet. Deretter vil den levere sitt endelige forslag til landsstyret i løpet av høsten. Landsstyret behandler så dette forslaget og leverer det videre til landsmøtet, som gjør de endelige vedtakene. Innspill som gis i høringsrunden, men som komiteen ikke tar med videre, kan fremmes som endringsforslag på landsmøtet.

Hvordan sende inn innspill?

Et ønske fra komiteen er at innspillene er så konkrete og presise som mulig. De bør inneholde sidetall og linjenummer for å vise hvilke endringer, tillegg eller presiseringer dere foreslår. Innspillene bør skrives i et eget dokument, ikke ved bruk av redigeringsprogrammer som «track changes» eller liknende.

Et innspill kan for eksempel skrives slik:

- Side 2, linje 4: Endre ordlyden til [Teksten slik man ønsker den skal se ut]
- Side 3, linje 28: Stryke kulepunktet
- Side 8, linje 15: Legge til et punkt: [Teksten man ønsker lagt til]

Innspillene kan sendes komiteen til: prinsippprogram@naturvernforbundet.no.

Når må innspillene sendes?

Frist for innsending av innspill er 10. september.

Ta gjerne kontakt dersom dere har spørsmål. Komiteen nåes på ovennevnte epostadresse. Ingeborg Gjærum kan kontaktes på tlf. 90 99 92 75.

Vi benytter anledningen til å ønske alle miljøvernerkolleger en god sommer og ser frem til å høre deres innspill til Naturvernforbundets prinsippprogram!

Med vennlig hilsen
prinsippprogramkomiteen ved Ingeborg Gjærum

2

3 NATURVERNFORBUNDET

4 PRINSIPPROGRAM

5

6 1 Visjon og strategi

7

8 1.1 Naturvernforbundet sin visjon

9 Naturvernforbundet arbeider for å verne og forvalte naturen på ein måte som sikrar vårt
10 felles livsmiljø. Hovudmålet er at natur- og miljøomsyn må leggjast til grunn for all
11 menneskeleg aktivitet.

12

13 Livsformene i naturen er verdifulle fordi dei har ein verdi i seg sjølv, utan omsyn til om dei er
14 til nytte for menneska. Menneska er avhengige av naturen og må ikkje utrydde nokon av
15 artane på jorda eller øydelegge det livsmiljøet artane treng for å leve. Å verne om rikdomen
16 av livsformer og naturlege økosystem er naudsynt for å sikre livskrafta og produktiviteten i
17 naturen.

18

19 Mennesket er ein del av naturen. Vi lever av dei allsidige goda i naturen og har ansvaret for å
20 sikre ei økologisk, sosial og økonomisk utvikling som tar omsyn til både nolevande og
21 framtidige generasjonar sine behov. Det betyr at:

22

- Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.

23

- Vi kan berre ta ut frå naturen det krinslaupet i naturen kan fornye.

24

- Vi kan berre sleppe ut stoff som krinslaupet i naturen kan bryte ned innanfor naturen
25 si bereevne.

26

- Råvarer som finst i avgrensa mengder, må vi bruke med stor varsemd.

27

28 Påkjenningane mennesket påfører naturen, er for store. Menneskeleg forbruk av energi og
29 råstoff kan ikkje vere høgare enn at det let seg kombinere med å halde oppe
30 naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske omleggingar kan ikkje åleine
31 endre dette. Ingen kan ha eit forbruksnivå som er med og hindrar at alle verdas menneske
32 får tilgang på dei grunnleggande goda som trengst for å leve gode, menneskeverdige liv.
33 Dette krev, fordi jorda er avgrensa, at dei økonomisk rikaste gjev avkall på ein del av sitt
34 materielle forbruk, og at samfunnsøkonomien ikkje er basert på eit grunnlag som krev evig
35 materiell vekst.

36

37 Å løysa globalt omfattande og alvorlege miljøproblem krev omstillingar som må drivast fram
38 med både lokal og nasjonal innsats, men i ei globalisert verd krevst også internasjonalt
39 arbeid og internasjonale avtalar. Noreg har som eit rikt og velutvikla land både grunnlag og
40 ansvar for å vere eit føregangsland når det gjeld å ta natur- og miljøomsyn i alle delar av
41 samfunnet. Naturvernforbundet sitt arbeid skal bidra til at Noreg fylgjer opp sine
42 internasjonale forpliktingar og at Noreg tar på seg ei rolle som eksempelsetjar som kan bidra
43 til framgang i det internasjonale miljøarbeidet.

1 1.2 Ein organisasjon for gjennomslag og naturglede

2 **Demokratisk, landsdekkande og uavhengig**

3 Naturvernforbundet er ein demokratisk medlemsorganisasjon, skipa i 1914. Folkeleg
4 engasjement gjennom lokalt naturvernarbeid er grunnlaget for arbeidet for livskraftig natur
5 og miljøgode, og avgjerande for Naturvernforbundet si styrke. Medlemmane avgjer,
6 gjennom sine tillitsvalde, kva forbundet skal meine og arbeide med. Naturvernforbundet skal
7 jobbe for å få fleire aktive lokallag over heile landet, samtidig som aktiviteten i eksisterande
8 lokal- og fylkeslag ivaretakast og fornyast. Det lokale nærværet og dei tillitsvalde gjev
9 Naturvernforbundet legitimitet og demokratisk gjennomslagskraft. Organisasjonen skal søkje
10 å reflektere eit mangfald av befolkninga og arbeide for god representasjon i kjønn, geografi,
11 sosial bakgrunn, minoritetsbakgrunn blant både medlemmar, aktive og tillitsvalte.

12
13 Naturvernforbundet er ein partipolitisk nøytral organisasjon. Synspunkta våre vert utforma
14 uavhengig av økonomiske interesser, staten og andre organisasjonar. Miljøagentane og
15 Natur og Ungdom er barne- og ungdomsorganisasjonane til Naturvernforbundet.

16 17 **Kunnskapsbasert opinionsdanning**

18 Naturvernforbundet treng tillit og oppslutning for å få gjennomslag. Argumenta våre skal
19 vere godt oppbygde, forståelege og fagleg solide. Frivillige organisasjonar har gjennom
20 folkeopplysning spelt ei viktig rolle for demokratiseringa av Noreg. Naturvernforbundet vil
21 føre dette arbeidet vidare gjennom opinionsdannande verksemd slik at ein lettare kan
22 innrette seg miljøvenleg, påverke andre og få folkevalde organ til å ta omsyn til kva naturen
23 toler.

24 25 **Saksorientert arbeid med konkrete resultat**

26 Det er først og fremst gjennom arbeid med mange konkrete saker over heile landet, og med
27 stor breidde, at Naturvernforbundet er med og bergar store naturverdiar, og endrar
28 haldningane hos folk flest. Ved hjelp av politisk arbeid i enkeltsaker vil Naturvernforbundet
29 også vise kva utfordringar vi står overfor i det globale miljøarbeidet.

30 31 **Naturglede**

32 Frisk og vakker natur er godt for mennesket si helse og trivsel. Intakt og uskadd natur er ei
33 kjelde til glede og innsikt som styrkar naturvernengasjementet. Naturglede er ein viktig
34 bakgrunn for arbeidet til Naturvernforbundet. Vi vil at flest mogleg skal få glede seg over
35 naturverdiane vi vil ta vare på. Målet er at dei som lever i nærleiken av særst verdifulle
36 område skal vere stolte over naturen dei har tilknytning til, og at det enkle og nære
37 friluftslivet takast vare på.

38 39 **Internasjonalt samarbeid**

40 Brei folkeleg deltaking er avgjerande for å løyse internasjonale miljøproblem, og sterke
41 nasjonale miljøorganisasjonar er viktige for å ta vare på miljøinteressene.
42 Naturvernforbundet skal samarbeide med miljørørslar i andre land. Samarbeidslanda våre
43 har ofte store miljøutfordringar, og også store utfordringar når det gjeld deltaking frå sivilt
44 samfunn. Naturvernforbundet er den norske medlemmen av Friends of the Earth
45 International.

46

1 Medlemskap i Regnskogsfondet er òg ein viktig del av vårt internasjonale engasjement. Det
2 internasjonale arbeidet skal bidra til å styrke lokale miljøvernorganisasjonar i dei landa vi
3 engasjerer oss i. Samstundes bidreg dette arbeidet til å styrke Naturvernforbundet sitt
4 arbeid i både i Noreg og i arbeidet med internasjonale miljøavtalar.

5

6 2. Prinsipp

7

8 At folk skal kunne bidra til å drive fram løysingar på miljøproblema, krev eit samfunn der folk
9 har høve til å påverke sin eigen situasjon, har tilgang til kunnskap om kva som påverkar
10 miljøet, og kan delta aktivt i politisk arbeid. Myndigheitene har ansvar for å følgje opp,
11 kontrollere og innføre sanksjonar og tiltak overfor dei som bryt den norske natur- og
12 miljølovgivinga. Både myndigheitene, næringsliv og befolkning har eit ansvar for å sette seg
13 inn i og følgje felles reglar.

14

15 Naturvernforbundet meiner følgjande prinsipp må ligge til grunn for alle tiltak som kan ha
16 negative konsekvensar for naturen:

17 - Kunnskap:

18 Alle private og offentlege aktørar må ha plikt til å setje seg inn i korleis verksemda
19 deira påverkar naturen. Oppdatert vitenskapelig og erfaringsbasert kunnskap må
20 leggjast til grunn for vedtak og handlingar. Alle skal ha krav på informasjon om
21 miljøkonsekvensar både når det gjeld enkeltprodukt og forbruksvarer, produksjon og
22 politiske planar og vedtak.

23 - Føre-var-prinsippet: Dersom det er usikkert om inngrep eller utslepp vil ha skadelege
24 verknader for organismar eller økosystem, skal tvilen kome naturen til gode ved at
25 tiltaket ikkje vert gjennomført. Dersom det er manglande kunnskap om eit
26 miljøproblem, må ein likevel freiste å løyse problemet med bakgrunn i den
27 kunnskapen ein har.

28 - Samla påkjenning: Den samla påkjenninga som naturmiljøet er eller kan bli utsett for,
29 skal vere utslagsgjevande for vedtak i einskildsaker. Dette gjeld til dømes i saker der
30 eit lite tillegg i påkjenningane kan få store og negative følgjer.

31 - Den som påverkar, skal betale: Den som påverkar miljøet på ein negativ måte, skal
32 dekke kostnadene ved tiltak som hindrar eller avgrensar skadane, eller som
33 tilbakefører området til sin opphavlege tilstand.

34

35 Grenseoverskridande miljøproblem krev internasjonalt samarbeid og avtalar som vert
36 oppfatta som rettferdige og rimelege av alle partar. Verdas fattigaste lir i dag under
37 miljøproblem som i stor grad er skapt av rike land og av overforbruket til privilegerte
38 grupper. Internasjonale avtalar må fremje rettferdig fordeling av verdas ressursar og styrke
39 tilgangen til demokratisk påverknad. For å oppnå dette må FN styrkast. Omsyn til miljø og
40 rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn mål om økonomisk vekst og auka
41 frihandel.

42

43 Naturvernforbundet støttar og respekterer urfolk sine rettar slik dei er felt ned i
44 internasjonale avtalar som Noreg er tilslutta. Desse rettane må ligge til grunn for ein
45 demokratisk miljøpolitikk både i Noreg og andre land.

46

1 Noreg må vere ein pådrivar og støtte opp om internasjonale miljømål og -avtalar, og
2 omsynet til natur og miljø må vere integrert i alt utviklingsarbeid. Samarbeid med og støtte
3 til det sivile samfunnet, inklusive miljøørsla, må vere ei viktig prioritering i Noreg sin
4 internasjonale innsats. Norske investeringar i utlandet må bidra til å sikre ei miljøvenleg
5 utvikling. Miljømessige og sosiale krav som gjeld for norske fleirnasjonale verksemdar må òg
6 gjelde for aktiviteten deira i utlandet når det norske regelverket er strengare.

7

8 2.1 Vern om naturmangfaldet

9 Naturen er grunnlaget for alt liv på jorda. Ikkje berre er menneske og dyr avhengige av
10 naturen og tenestene den yter, den har også verdi i seg sjølv. Vi må derfor sikre den
11 uerstattelige rikdomen av plantar, dyr og andre organismar – på land og til havs - for notid
12 og framtid.

13

14 Sunn økologisk tilstand må vere forvaltningsprinsippet for all natur. Dette inneber å ta vare
15 på artane, med den genetiske variasjonen innan artane og dei leveområda som organismane
16 treng for å trivast og fylle sine økologiske funksjonar.

17

18 Tapet av naturmangfald må stansast. Dette krev både vern av utvalde areal samt ei langsiktig
19 forvaltning av naturverdiar som ikkje er verna ved lov. Det er uakseptabelt å oppheve eller
20 endre vern av naturområde slik at naturomsyn må vike for andre, meir kortsiktige
21 samfunnsinteresser. I tillegg må ein hindre innføring og spreiding av ikkje stadeigne artar som
22 kan vere eit trugsmål mot lokale plante- og dyreartar. Subsidiar som bidreg til øydelegging av
23 verdifull natur er uakseptabelt. Som ein stor hav- og kystnasjon, må Noreg vise omsyn til
24 naturmangfaldet i havet i reguleringa av våre marine næringar.

25

26 Naturen må vere grundig kartlagt, og kunnskap om artsmangfaldet, naturen sine system og
27 samspelet mellom dei må oppdaterast kontinuerleg for å mogleggjere ei kunnskapsbasert
28 forvaltning. Der kunnskap ikkje er tilstrekkeleg må føre-var-prinsippet ligge til grunn. Inngrep
29 kan aldri forsvarast med mangel på kunnskap.

30

31 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 32 • Det må vere levedyktige bestandar av alle artar som naturleg høyrer heime i Noreg.
33 Leveområda til truga og sårbare artar må sikrast, anten ved vern der dette er
34 naudsynt, eller ved ein arealbruk som ikkje trugar artane. Eit rikt utval av alle
35 naturtypar må vernast, slik at dei kan fungere som leveområde på lang sikt.
- 36 • Det må etablerast økologisk representative nettverk av verneområde og utvalde
37 naturtypar for å sikre den økologiske samanhengen over større område. Dette
38 inneberer mellom anna vesentleg vern av skog, våtmarker og marine område. Alle
39 verna område må vere sikra mot inngrep som kan gjere skade på naturen i området,
40 og forvaltast aktivt slik at naturmangfaldet vert teke vare på.
- 41 • Menneskeleg aktivitet har ført til sterk reduksjon i inngrepsfrie område i Noreg.
42 Denne utviklinga må stoppast, dei områda som er att må bevarast og kartleggast for
43 verneverdige naturverdiar.
- 44 • Vassdragsvernet må utvidast for å sikre den unike vassdragsnaturen, og allereie
45 verna vassdrag må få sterkare vern mot fleire påverkingar. God økologisk tilstand må
46 vere eit mål for alle vassdrag.

1 **Komiteens mindretal ønsker følgende formulering:**
2 Attverande urørte vassdrag må vernast, og allereie verna vassdrag må få sterkare
3 vern mot fleire påverkingar. God økologisk tilstand må vere eit mål for alle vassdrag.

- 4 • Motorisert ferdsle i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og
5 rekreasjonskøyning må ikkje tillatast. Langs kysten må omsynet til sårbare fuglar og
6 annan natur sikrast.
- 7 • Lokale naturperler og naturområde i folk sine nærmiljø må takast vare på. Omsyn til
8 desse områda si betydning for livskvalitet og helse, både i dag og i framtida, må
9 vektleggast tungt. Bymarker bør vere verna med lov og ha faste byggegrenser.
- 10 • Rovdyra høyrer heime i norsk natur, og å verne om desse og areal som sikrar deira
11 overleving også på sikt, er ein del av det å ta vare på naturmangfaldet og
12 økosystema. Myndighetene må sikre førebyggjande innsats for å redusere tap av
13 beitedyr og for å redusere belastninga for råka lokalsamfunn og den samiske
14 befolkninga.

15 **Komiteens mindretal ønsker følgende formulering, kombinert med et nytt**
16 **kulepunkt under 3.1 Primærnæringer:**

17 Rovdyra høyrer heime i norsk natur, og dei må sikrast leveområde der dei i minst
18 mogleg grad kjem i konflikt med primærnæringerne eller busetnad.

- 19 • Naturmangfaldslova må utvidast til å gjelde alle norske havområde.

20

21 [2.2 Stopp dei farlege klimaendringane](#)

22 Forbruk av fossil brensel, avskoging og anna menneskeleg påverknad har ført til enorme
23 utslepp av klimagassar som endrar klimaet på jorda. Klimaendringane har alvorlege
24 konsekvensar både for oss menneske og for resten av naturen. Livsgrunnlaget for mange
25 menneske, og særleg blant verdas fattigaste, vert øydelagt og store delar av
26 naturrikdommen står i fare for å døyt ut.

27

28 Skal vi unngå dei mest alvorlege konsekvensane av klimaendringane, kan ikkje den globale
29 temperaturen stige meir enn 1,5 gradar over førindustrielt nivå. For å unngå dette må i
30 praksis alle klimagassutslepp frå fossil energi og avskoging stansast så raskt som mogleg. Ei
31 så rask utfasing av fossil energi krev store endringar i heile samfunnet – frå energiproduksjon
32 og industri til transport, hushald og forbruk.

33

34 Innan nokre få tiår må både industriland og utviklingsland vere omstilt til samfunn som
35 praktisk talt er utan bruk av fossil energi, og som byggjer opp att karbonlagera i naturen.
36 Ettersom det er dei rike landa som har det historiske ansvaret for klimakrisa, må dei derfor
37 finansiere hovuddelen av omstillinga også i utviklingslanda.

38

39 Omstillinga til det klimavennlege samfunnet må vere rettferdig og skje på naturen sine
40 premiss. Ei rettferdig omstilling inneber at ein må ta omsyn til og sikre rettane også til dei
41 menneska og folkegruppene som er særleg sårbare eller utsette ved større
42 samfunnsendringar. Ei omstilling på naturen sine premiss inneber at vi bruker naturen sine
43 eigne mekanismar til å lagre karbon, redusere klimagassutslepp og tilpasse oss
44 klimaendringar. Intakt og robust natur er avgjerande for samfunnets møte med eit endra
45 klima.

1 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 2 • Noreg må minimere eigne utslepp av klimagassar i tråd med sitt historiske ansvar. I
3 tråd med Paris-avtalen må Noreg kvart femte år melde inn stadig strammare mål for
4 å redusere eigne klimagassutslepp, i tillegg til å finansiere klimatiltak i utviklingsland.
- 5 • Målet om å skape eit klimavennleg samfunn må leggje rammene for all
6 sektorpolitikk, slik at alle samfunnssektorane blir omfatta av verkemiddel som sikrar
7 varige reduksjonar i klimagassutsleppa.
- 8 • Arbeidet for å tilpasse samfunnet til uunngåelege klimaendringar må styrkast.
9 Naturen må forvaltast slik at økosystema vert mest mogleg robuste og i størst
10 mogleg grad evnar å tilpasse seg eit klima i endring.
- 11 • Rike land som Noreg må ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av utslepp og
12 sikre klimatilpassing i utviklingsland. Internasjonal kvotehandel og andre
13 internasjonale tiltak skal sikre reelle utsleppskutt, kome i tillegg til nasjonale
14 reduksjonar og ivareta menneske og natur.

15

16 **2.3 Berekraftig ressursbruk**

17 Vi må ta vare på den biologiske produksjonsevna som er grunnlaget for livet på jorda og
18 sikre denne også for framtidige generasjonar. Dette inneber at vi må vere varsame når
19 ressursar vert henta ut av naturen og at desse ressursane må nyttast sirkulært slik at vi held
20 uttaket frå naturen og avfallsstoffa vi etterlet oss, så lågt som råd.

21

22 Utslepp til luft, jord eller vatn som ikkje naturen klarer bryte ned – eller som kan verke
23 skadeleg for menneske, dyr eller plantar – må hindrast. Miljøgifter må erstattast av stoff som
24 ikkje gjer skade på naturen, og der slike stoff allereie er slept ut i naturen, må det ryddast
25 opp slik at miljøgiftane ikkje lenger er eit trugsmål mot naturmangfaldet, menneske si helse
26 eller naturen si evne til å gje rein luft, mat eller vatn.

27

28 Ein berekraftig ressursbruk krev òg ei meir rettferdig fordeling av ressursane på jorda både
29 mellom dei som lever i dag – og mellom dagens og framtidens generasjonar.

30

31 Bruk av land og hav til produksjon av mat, fiber, energi og andre varar må innrettast slik at
32 folk får dekka dei grunnleggande behova sine utan å øydelegge grunnlaget for å forsyne
33 framtidige generasjonar. Når vi forbruker varar produsert utanfor landet, må vi vurdere heile
34 produksjonskjeda, slik at den samla miljøbelastninga vert teken med i rekneskapen.

35

36 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 37 • Forvaltning av naturressursar må skje i nært samarbeid med dei som tradisjonelt har
38 vore avhengig av ressursane.
- 39 • Prisen på bruk av ressursar bør reflektere dei reelle kostnadane ressursuttaket har
40 for miljø og menneske. Dette kan bli oppnådd gjennom avgifter som sikrar at
41 miljøpåverkar betaler, eller gjennom reguleringar som legg avgrensingar på
42 ressursbruken.

- 1 • Bruk av miljøgifter må vere strengt regulert, både når det gjeld innanlandsk bruk og
2 import av varer som inneheld eller er produsert ved hjelp av giftige stoff.
3 Skadeverknader av tidlegare utslepp av miljøgifter må kartleggast og minimerast.
4

5 3 Miljøvern i praksis

6 3.1 Primærnæringane

7 Matproduksjonen, både på land og til havs, må skje på ein måte som gjer at vi klarar å fø
8 menneska sine næringsmessige og kulturelle behov, men utan å gjere skade på
9 naturmangfaldet og utan å svekke verda sine framtidige moglegheiter for å produsere mat.
10 Det krev at menneska baserer kosthaldet sitt på matvarer med lågt energi- og
11 ressursforbruk, og at haustinga av ressursar skjer på ein skånsam måte for naturen. Omsynet
12 til at menneske verda over skal ha nok mat, må ligge til grunn for kor og korleis vi produserer
13 mat, og korleis ressursane vert fordelt.
14

15
16 Det er viktig å oppretthalde og styrke matproduksjon i heile landet, både for å sikre mat til
17 eiga befolkning, for å ivareta busetnad og kulturlandskapet med det tilhøyrande
18 naturmangfaldet og for å bidra til å sikre mattryggleiken. Av omsyn til både naturen og
19 menneska som skal ete maten, må bruken av skadelege stoff haldast på eit minimum og på
20 sikt fasast ut. Også når vi hentar materiale frå norske skogar, må omsynet til
21 naturmangfaldet og framtidig nytte av skogressursane ligge til grunn for mengda ressursar
22 som vert henta ut, og måten det vert gjort på.
23

24 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 25 • Patent på levande organismar eller naturleg førekomande biologisk materiale må
26 ikkje tillatast.
- 27 • Genmaterialet i levende organismar er ikkje eigedomen til nokon og må ikkje endrast
28 på. Primærnæringane må ikkje nytte veksthormon eller genmodifiserte dyr eller
29 plantar. Risikoen for alvorlege smittesjukdomar må reduserast både ved tiltak heime
30 og gjennom importrestriksjonar.
- 31 • Fiskeoppdrett og kjøttproduksjon må i minst mogleg grad baserast på fórn som kan gå
32 til menneskemat, eller som har negative fylgjer for miljøet eller for global fordeling av
33 naturressursar.
- 34 • Norsk landbruk må basere seg på lokale og miljøvenlege ressursar, og bruken av
35 energi, sprøytegifter og kunstgjødsel må vere så lågt som mogleg.
- 36 • Dyrka og dyrkbar jord må takast vare på og bevarast for matproduksjon.
- 37 • Myndighetene må ha strenge sanksjonar mot ulovleg og uregulert jakt og fiske og
38 vere pådrivarar også internasjonalt for å hindre miljøkriminalitet knytt til ulovleg jakt
39 og fiske.
- 40 • ***Komiteens mindretal ønsker å leggje til følgjande kulepunkt i kombinasjon med***
41 ***alternativt kulepunkt knytt til rovdyr under kapittel 2.1:***
42 Landbrukspolitikken med økonomiske støtteordningar må utformast slik at det ikkje
43 finst aktverdige grunnar for å skyte store rovdyr der det er bestemt at dei skal få

1 hevde revir. Utanfor desse områda bør rovdyr kunne fellast som ledd i ordinær jakt,
2 eller for å førebyggje skade på liv og eigedom.

- 3 • Fiskeressursane er viktige for matforsyninga i verda og må forvaltast slik at dei varer
4 evig. Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og dei lågare ledda i
5 næringskjedene. Fiskeria må drivast utan negativ miljøpåverknad, når det gjeld både
6 utslepp og livet i havet.
- 7 • Havet og fiskeressursane må vere underlagt nasjonal og internasjonal kontroll, og det
8 må sikrast at fisken er eigd og forvalta av fellesskapet. Særleg må fiskeressursane
9 kome kystsamfunna til gode, til dømes gjennom lokal landing og foredling.

10 ***Komiteens mindretal ønsker å leggje til følgande leddsetning:***
11 (...) Særleg må fiskeressursane kome kystsamfunna til gode, og historiske rettar og
12 urfolksrettar må ivaretakast.

- 13 • Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der
14 verksemda går føre seg. Dersom ikkje oppdrettsverksemda kan drivast utan ureining
15 og sjukdomsspreiing eller på ressursar som ikkje skadar naturmangfald eller
16 ressurstillfang andre stader, må omfanget av oppdrettsnæringa reduserast.

17 ***Komiteens mindretal ønsker følgande formulering:***
18 Dersom ikkje fiskeoppdrettsverksemd kan drivast utan ureining og sjukdomsspreiing
19 eller på ressursar som ikkje forringar naturmangfald eller ressurstillfang andre stader,
20 må omfanget av oppdrettsnæringa reduserast.

- 21 • Skognæringa må operere innanfor rammer som sikrar naturmangfald, friluftsliv og
22 karbonbinding. Skogbruket må drivast basert på utvalshogst og naturleg forynging.
23 Hogst må berre skje etter søknad og etter kartlegging av natur- og friluftsverdiar.

24 ***Komiteens mindretal ønsker følgande formulering:***
25 Skogen si rolle som karbonbinder, arena for opplevingar og leveområde for dyr må
26 vere overordna omsynet til «grøn» næringsverksemd.

- 27 • Skogsressursar er eit knappleiksgode og må brukast der dei gjev størst reduksjon av
28 klimagassar. Tømmer og tre skal prioriterast som bygningsmateriale, og
29 avfallsressursar kan gå til andre føremål som gjev høg utnytting av ressursane som
30 lokal varmeproduksjon og ulike industriføremål.

31 ***Et mindretal ønsker følgande formulering:***
32 Skogsressursar er eit knappleiksgode og må brukast der dei gjev størst reduksjon av
33 klimagassar. Tømmer og tre skal prioriterast som bygningsmateriale. Saman med
34 biomasseavfall kan det og gå til andre føremål som gjer høg utnytting av ressursane
35 og der det er vanskeleg å erstatte fossilt karbon, som for eksempel biokarbon til
36 smelteverksindustrien.

37 ***Eit anna mindretal ønsker følgande formulering:***
38 Skogen er Noreg sitt største karbonfangstanlegg (ca. 22 mill. tonn CO₂ per år) i tillegg
39 til at den kan ivareta naturmangfaldet, vere arena for opplevingar og rekreasjon og gi
40 oss bygningsmateriale, brensel og industriråstoff. Skogforvaltninga og skogbruket må
41 drivast i lys av dette.
42

1 3.2 Energi

2 Menneska treng energi, og den må vere fornybar, brukast effektivt, produserast og
3 transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfaldet. Vi må
4 nytte rett energiform til ulike bruksområde og vi må effektivisere sjølve energibruken. Det
5 inneber også at vi må gjere ei omlegging av energibruken slik at fossil energibruk vert
6 redusert og erstatta av fornybar energi.

7 **Komiteens mindretal ønsker å leggje til følgande formulering:**

8 Energiforbruk har nær samanheng med anna ressursbruk, miljøpåverknad, levestandard og
9 livskvalitet for den enkelte og for samfunnet totalt. Noreg sitt energiforbruk er ikkje
10 berekraftig i eit globalt perspektiv. Som storprodusent av fornybar energi, og som eit land
11 som har tent mykje på fossil energiproduksjon, må Noreg bidra til ei jamnare global fordeling
12 av dei goda energiproduksjon gjev. Dette kan mellom anna bety eksport av overskot av
13 elektrisk kraft og industrivarer framstilt ved hjelp av denne. Noreg sin energiproduksjon er
14 meir enn stor nok, og må ikkje aukast.

15

16 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 17 • Det samla energiforbruket må reduserast og bli mest mogleg effektivt.
18 Energieffektivisering og -sparing må premierast gjennom eigna verkemiddel.
19 Høgverdig energi som elektrisitet bør primært brukast berre til dei oppgåvene som
20 krev det. Mindre krevjande oppgåver, som oppvarming, bør dekkast av lågverdige
21 energiformer og teknologiar som krev lite elektrisitet.
22
- 23 • Det må stillast strenge krav til energibruk ved nybygg og ombygging. Desse krava må
24 strammast inn med jamne mellomrom, slik at alle bygg og anlegg i størst mogleg grad
25 er sjølvforsynt med energi, med lågast mogleg energiforbruk og ressursforavtrykk i
26 eit livsløpsperspektiv.
- 27 • Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut ved at det ikkje
28 opnast for leiting og utvinning av olje og gass i nye område. Barentshavet,
29 havområda utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja, Skagerrak, Mørebasenget og
30 kystnære område må bli gitt ei særskilt og varig vern mot olje- og gassverksemd.
- 31 • Det må ikkje byggjast gasskraftverk i Noreg, ei heller gassrørleidningar for
32 alminneleg bruk av gass, då slik infrastruktur vil hemme utviklinga av meir
33 miljøvenleg energibruk.
- 34 • Fossil energibruk må erstattast av fornybar energi for å gi tilstrekkeleg store
35 reduksjonar i klimagassutslepp, og norsk eksport av fossil energi er difor ikkje ei god
36 klimaløysing, uavhengig av kva fossil energikjelde dette er.
- 37 • Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Samstundes
38 med energisparing må Noreg satse på ny fornybar energi slik som bio- og solenergi,
39 bølge- og vindkraft og geovarme. Ved all utbygging må det takast særskilt omsyn til
40 naturmangfald, folkehelse og landskap.
- 41 • **Komiteens mindretal ønsker å leggje til følgande kulepunkt:**
42 All energien vi bruker, må vere fornybar. Potensialet for å frigjere fornybar energi
43 gjennom energieffektivisering/energisparring er så stort at det vil vere
44 hovudgrunnlaget for å erstatte all fossil energi med fornybar. Ny fornybar
45 energiproduksjon for å fullføre utfasinga av fossil energi skal berre etablerast i

1 område med eksisterande busetnadar eller verksemder, og skal ikkje koma i konflikt
2 med naturmangfald.

- 3 • Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar
4 energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land
5 bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og
6 tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber
7 energitap og kan gje betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte
8 energiressursane nær der dei oppstår og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg
9 og i utlandet.
- 10 • **Komiteens mindretal ønsker å leggje til følgande kulepunkt:**
11 Overskot av fornybar energi bør bli prioritert til å vidareutvikle norsk industri framfor
12 å bli eksportert. Ytterlegare utviding av eksportkapasitet for elektrisitet kan hindre
13 energieffektiv og miljømessig god norsk produksjon av energikrevjande produkt.
14 Koldrifta på Svalbard må bli innstilt. Det må ikkje byggjast fleire kolkraftverk i Noreg.
- 15 • Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon
16 og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må difor ikkje byggjast
17 nye atomkraftverk i Noreg, og Halden-reaktoren må leggjast ned. Noreg må arbeide
18 for å sikre atomavfallet i norske nærområde.
- 19 • Ujamn tilgang til, og lite effektiv bruk av, energi er med på å oppretthalde den skeive
20 måten velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast
21 inn mot å nå dei fattigaste med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og bruk
22 av fornybar energi.

23

24 3.3 Transport

25 All transport påverkar miljøet ved at det krev forbruk av energi, legg beslag på areal og fører
26 til uynskte konsekvensar i form av forureining, støy og ulykkesrisiko. Store
27 infrastrukturprosjekt, og særleg vegutbyggingar, legg til rette for auka trafikk og gjev store
28 negative konsekvensar for natur, friluftsområde og matjord. Dette gjer at vi må ta i bruk
29 fleire verkemiddel, slik at transportbehovet vert redusert og at den naudsynte transporten
30 vert gjort med låg miljøpåverknad.

31

32 Betre planlegging av regionar, byar, tettstader og ulike samfunnsfunksjonar er avgjerande
33 for ikkje å auke behovet for transport generelt, og spesielt for å unngå å leggje til rette for
34 meir privatbilisme. Vidare må kollektive løysingar utformast slik at dei gjev folk reelle
35 alternativ til bilkøyring og flytransport. Samstundes må miljøvennlege teknologiar
36 prioriterast og leggjast til rette for slik at den transporten samfunnet treng, skjer med så låg
37 miljøpåverknad som mogleg.

38

39 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 40 • Byar og tettstadar må fortettast og byggjast ut med mål om minst mogleg
41 transportbehov, samtidig som det leggjast til rette for syklande og gåande. Også i den
42 overordna samfunnsplanlegginga, enten det gjeld transport av varer eller plassering
43 av viktige samfunnsfunksjonar, må målet vere å redusera transportbehovet.
- 44 • Kollektivtilbodet må verte betre, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar
45 og for lengre reiser. Dette inneber både kortare reisetider, fleire avgangar og auka

1 kapasitet. Jernbanen må byggast ut for å ta unna langt større delar av transporten
2 som i dag går med privatbil, fly og lastebil, mens sjøfrakt må gjerast attraktivt som
3 alternativ til lastebil.

- 4 • Vegkapasiteten må ikkje utvidast, og andre vegutbyggingar som gjev meir trafikk og
5 store arealinngrep, må ikkje realiserast. Trafikktryggingstiltak må gjennomførast utan
6 at dette aukar den samla kapasiteten på vegen eller styrkar vegtransporten si
7 konkurransekraft. Miljøutfordringane frå flytrafikken tilseier òg at flyplasskapasiteten
8 ikkje kan aukast.
- 9 • Noreg bør, nasjonalt og internasjonalt støtte utvikling av ein mest mogleg miljøvenleg
10 transportsektor, med auka energieffektivitet, redusert ressursforbruk og redusert
11 miljøpåverknad. Dette inneber både at forskning på betre teknologiar både for private
12 og kollektive løysingar må støttast, og at ein må motivere til at desse løysingane vert
13 tatt i bruk. Hovudstrategien for ny teknologi må vere løysingar som reduserer
14 energibehovet og elektrifiserer mest mogleg av transportsektoren. Resterande
15 energibehov må dekkast av fornybart drivstoff med lågt klima- og ressursfotavtrykk.
- 16 • Som verkemiddel for å avgrense transportmengda og utnytte transportmidla betre,
17 flytte transport til dei minst miljøskadelege transportformene og påskunde at ny og
18 betre teknologi vert teken i bruk, må miljø- og drivstoffavgiftene aukast. Dette gjeld
19 òg for transport over landegrensene, der auka avgifter på flytransport er særskild viktig.
20

21 3.4 Industri

22 Utviklinga av industriens er viktig for å oppnå eit samfunn i balanse med naturen, når det
23 gjeld både klimagassar, ressursbruk, forureining og naturinngrep. Dette krev at industrien er
24 energieffektiv, har god ressursutnytting og i størst mogleg grad er grunnlagt på fornybare og
25 lokale eller gjenvunne ressursar, har minimale utslepp av alle typar forureining og minimale
26 naturinngrep i alle ledd av produksjonen. Styresmaktene må bidra til dette gjennom
27 reguleringar, forskingsinnsats og økonomiske tiltak, men industrien sjølv har òg eit ansvar for
28 å sikre ei miljøvenleg vidareutvikling av eiga verksemd.
29

30 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 31 • Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast slik at verksemdar får ansvar for og
32 forplikningar knytte til skadar årsaka av verksemda og produkta deira.
- 33 • Ny etablering av industri, bergverk og annan særleg arealkrevjande verksemd får
34 ikkje skje med mindre det kan sikrast at det ikkje fører til forureining eller til andre
35 verknader som skadar naturmangfaldet og tradisjonell bruk av området.
- 36 • Det må utviklast alternativ materialproduksjon til erstatning av miljøskadelege
37 material og deira råstoff.
- 38 • **Komiteens mindretal ønsker å leggje til følgjande kulepunkt:**
39 Myndighetene må sikre den kraftkrevjande industrien levedyktige kraftavtalar mot
40 at industrien gjennomfører maksimal energiattvinning, stiller kraft til rådighet ved
41 straummangel og tek del i utfasing av fossil energi. Dette bør omfatte utviklinga av
42 biokarbon frå hogstavfall, halm etc. til erstatning for fossilt kol i smelteverka.
- 43 • **Komiteens mindretal ønsker å leggje til følgjande kulepunkt:**
44 Satsing på sjølvberging av mat og ein fiskeripolitikk som sikrar levering til lokale

- 1 fiskemottak og industri er vesentleg for å utvikle og oppretthalda ein norsk
2 matvareindustri basert på kortreiste råvarer.
- 3 • **Komiteens mindretal ønsker å leggje til følgande kulepunkt:**
4 Den næringsnøytrale industripolitikken må bli erstatta av ei målretta satsing på
5 industri som er viktig for eit samfunn i balanse med naturen.
- 6 • Alle typar industri og byggeverksemd, inkludert gruver, skal ha null avfall som mål.
7 Restmassar og avfall skal prioriterast til produksjon og bygge- eller anleggsformål
8 framfor bruk av nye råvarer, og må ikkje deponerast i sårbare naturområde.
- 9 • Der det er teknisk mogleg skal gruvedrift gjerast under jorda framfor i dagbrot. Det
10 må òg vere forbod mot å sleppe industriavfall i sjø eller fjordar, og gruvedrift på
11 havbotnen må ikkje tillatast.
- 12 • Fangst og lagring av CO₂ frå punktutslepp må takast i bruk for å redusere
13 klimaforureining frå industrien.
- 14 • Kysten må ha eit sterkt og førebyggjande oljevern med rask responstid og beredskap
15 også for alvorlege ulykker under vanskelege forhold.
- 16

17 3.5 Forbruk, avfall og handel

18 Mange av dei varene vi forbruker er ressurskrevjande og miljøskadelege. For å redusere
19 miljøpåverknaden av forbruket vårt må vi forbruke mindre, samstundes som dei varene og
20 tenestene vi bruker må verte meir miljøvennlege og lette å attvinne. For å redusere
21 miljøpåverknaden frå transport er det eit mål å produsere varer nært forbrukarane når
22 ressursgrunnlaget tilseier det.

23

24 Å ta hand om avfall vil alltid gje forureining eller anna miljøpåverknad. Difor må
25 avfallsmengda gjerast minst mogleg, og vi må sjå avfall som ein ressurs – ikkje som søppel.
26 Det må leggjast til rette for ombruk i tillegg til resirkulering og attvinning av produkt og
27 materiale. Der dette ikkje er mogleg, bør forbrenning av avfall skje med energiattvinning.

28

29 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 30 • For å redusere forbruk og avfallsmengde må produkt vere produsert for å vare lengst
31 mogleg, vere lette å reparere og brukast om att, og enkle å resirkulere. Det må
32 leggjast til rette for reparasjon og ombruk, og reklamasjonsretten må spegla dette.
- 33 • Alt avfall skal i utgangspunktet bli resirkulert, gjenvunne eller inngå i panteordningar.
- 34 • Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg måte.
- 35 • Nye kjemikaliar må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kjem til å
36 oppkonsentrerast i næringskjeda, eller at det ikkje gjer alvorleg skade på levande
37 organismar.
- 38 • Det må stillast strenge miljøkrav ved innkjøp og avfallshandsaming, så vel til private
39 hushald som til offentleg og privat verksemd.
- 40 • Det offentlege må vere ein spydspiss når det gjeld innkjøp og forbruk av
41 miljøvennlege produkt og tenester.
- 42 • Internasjonale miljøavtalar må bli overordna i høve til handelsavtalar.